



Eit ikkje fulltalig styre samla på Eik: F.v: Audun Eik, Kjell Borge Olsen, Steinar Haugan og Sigmund Spjelkavik. Andre styremedlemmer er: Kari Dahle, Anita Bjønnes, Kristian Bringedal og Kari Røsland.

Kvinnherad Senioruniversitet med Kjell Borge Olsen som leiar har møteprogrammet for hausten klart. Alt i morgon, torsdag 12. september kl. 11, skal Ivar Baste snakka om Biologisk mangfald - ei alvorleg tid for naturen. Møte er i Rosendal samfunnshus. Senioruniversitetet har alle sine styremøte i Uskedalen. Audun Eik og Kristian Bringedal er varamedlemmer i styret og møte fast på alle styremøte.

Kvinnherad Senioruniversitet er ein sjølvstendig og ideell organisasjon, ope for alle utan aldersgrense. Senioruniversitetet skal leggja til rette for auka kunnskapsformidling til eldre og andre interesserte. Dette vert gjort ved føredrag, kurs, studieturar og på andre måtar.

Programmet for haustsemesteret ser slik ut:

- 12. september: Ivar Baste - Biologisk mangfald
- 10. oktober: Dag Lindebjerg - kystkultur
- 31. oktober: Jørn Øyrehagen Sunde - eit lokalt og historisk emne
- 12. desember: Julemøte m/ Gunnar Danbolt - eit kunst- og kulturhistorisk emne

Programmet for vårsemesteret er under arbeid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal